

Fra: Einar Aase
Sendt: fredag 12. november 2021 11:35
Til: Knut Henanger
Kopi: samir.valdersnes@gmail.com
Emne: Byggesøknad (garasje)

Hei,

Sender e-post angående byggesak 21/7911 på gbnr.327/161 for oppføring av garasje. Garasjen går ut over krav til storleik i byggesaksforskrifta (SAK10) §4-1 a), og avstandskravet til nabogrensa blir dermed 4 meter etter plan- og bygningslova §29-4 andre ledd.

Situasjonsplan viser at garasje skal plasserast 3 meter frå naboeigedom med gbnr.327/180. Søknaden må supplerast med ei samtykkeerklæring frå nabo på denne eigedomen. Det må gå klårt fram av samtykket at nabo godkjenner plassering av garasjen med avstand på 3 meter frå eigedom.

Alternativt må plassering av garasje endrast slik at kravet til 4 meter avstand frå nabo blir oppfylt.

Det er òg mogeleg å søkje dispensasjon frå avstandskravet på pbl.§29-4 andre ledd. Slik dispensasjon må vere grunngeven. Minner om at ei slik løysing vil føre til auka gebyr.

Vennleg helsing

Einar Aase | Rådgjevar Plan og byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no

